

Til: Naboar, heimelshavarar og aktuelle offentlege instansar.

Dato: 08.01.2020
Vår ref: Øyvind Sødal

Kunngjering av planoppstart: Reguleringsplan for Grønslette, PlanID: 34350001, i Vågå kommune

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla om oppstart av reguleringsplanarbeid for eit nærare avgrensa areal ved Grønslette i Vågå kommune.

Reguleringsplan

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein vedteke reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området og er førande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Privat detaljreguleringsplan

Denne planen vert fremja som privat reguleringsplanforslag etter §§ 12-1 og 12-3. Privat grunneigar/tiltakshavar evt. m. fl. tar initiativ, avklarar dette med kommunen, og varslar oppstart av planarbeidet. Det blir henta inn innspel frå aktuelle instansar, og heimelshavarar som kan ventast å ha interesse i planarbeidet. Det blir så utarbeidd eit forslag til detaljreguleringsplan. Forslag til plan blir sendt kommunen, som tek over ansvaret for sakshandsaminga, med innhenting av merknader til planen og eventuelt krev endring av planen før den blir lagt fram for politisk vedtak.

Roller

Ottadalen anlegg AS er forslagsstillar og tiltakshavar.
Nordplan AS er konsulent for planarbeidet.

Planområdet

Planområdet er lokalisert i Ottadalen, om lag 5 km aust for Vågåmo sentrum. Nærare om avgrensing av planområdet er gjeve i kartvedlegg. Planområdet er om lag 301 daa, og omfattar delar av eigedommane gårds- og bruksnr 16/2, 14/1 og 15/1.

Dagens planstatus for området

Området er regulert i Reguleringsplan for Grønslette, PlanID: 051520020002, vedteke 10.09.2002, og mindre planendring av 30.04.2003. Tilkomst til planområdet er regulert i Reguleringsplan for Fv. Rusten-Grøna, PlanID: 05152006004, vedteke 27.06.2006.

Planens hovudformål er teke inn i kommuneplanens arealdel, vedteke 09.08.2017.

Planen sitt formål

Formålet med planarbeidet er å endre reguleringsplan for Grønslette slik at ein kan opne for lagerformål i området SP6 (i dag regulert til spesialområde skjermings- og parkområde), og regulering av område for sprengstofflager, snødeponi, samt mottak, sortering, gjenbruk/deponering av overskotsmasse innanfor delområda SP2 (i dag regulert til område for blokkuttak). Planarbeidet vert gjort som utarbeiding av ny reguleringsplan, som vil erstatte gjeldande reguleringsplan for Grønslette, vedteke 23.04.2002, med endring vedteke 30.04.2003.

Oppstartsmøte med Vågå kommune, 24.01.2019

Oppstartsmøte vart halde med Vågå kommune 24.01.19. I etterkant av møtet har forslagsstillar avventa innsending av nytt planinitiativ for ei avklaring av flaum- og skredrisiko. Det er utarbeidd eigen rapport knytt til dette arbeidet som kan gjerast tilgjengeleg. Faresonekartlegging og supplerande fjellskredvurdering vil bli grunnlag for innteikning av faresoner i planen, samt fastsetjing av tryggleiksklasser for aktuelle tiltak.

Planforslaget vil i hovudsak samsvare med kommuneplanens arealdel med føresegner, men med mindre endring/justering for etablering av lagerformål på LNF-formål og område for råstoffutvinning.

Det er gjort ein gjennomgang av om planen vil bli fanga opp av forskrift om konsekvensutgreiing. Vurderinga er å finne i planinitiativet. Ein konkluderer med at planen kan få vesentlege verknader etter § 10, men at konsekvensane ikkje kvar for seg eller i sum vil vera så store at eit KU-krav vert stilt.

Oppstart

Oppstart vert annonsert i lokalavisa Fjuken torsdag 16. jan. 2020. Sjå og www.vaga.kommune.no og www.nordplan.no/kunngjeringar/. Naboar og berørte vert med dette varsla direkte.

Vidare saksgang og medverknad


Det er høve til å komme med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle innkomne merknader vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Publikum og berørte partar har òg rett til å uttale seg om saka ved offentleg ettersyn. Når det er tid for offentleg ettersyn vil dette bli annonsert i same avis.

Frist for innsending av merknader:

Eventuelle innspel til planarbeidet kan sendast på e-post til os@nordplan.no. Spørsmål kan rettast til underteikna på telefon 96 79 79 90, eller på e-post.

Frist for innspel: **14. februar 2020.**

Med helsing



for Nordplan AS
Øyvind Sødal
Fagansvarleg plan/ arealplanleggar

Vedlegg: 1 Varslingsliste

Vedlegg: 2 Planavgrensing (pdf- og sosi)

Vedlegg: 3 Planinitiativ med informasjon om gjeldande plan, 18.12.2019

Vedlegg: 4 Referat frå oppstartsmøte 24.01.2019, med Vågå kommune

Høyringsinstansar som er varsla:

| | |
|--|--|
| Vågå kommune | postmottak@vaga.kommune.no |
| Oppland fylkeskommune | Postboks 988 2626 Lillehammer postmottak@oppland.org |
| Fylkesmannen i Oppland | Postboks 987 2626 Lillehammer fmoppost@fylkesmannen.no |
| Statens vegvesen Region øst | Postboks 1010 2605 Lillehammer firmapost-ost@vegvesen.no |
| NVE Region Øst | Postboks 4223 2307 Hamar ro@nve.no |
| Mattilsynet Hedmark og Oppland | Postboks 383 2381 Brumunddal postmottak@mattilsynet.no |
| Eidefoss nettavdeling | Firmapost.nett@eidefoss.no |
| Jotunheimen MX-klubb | v/Egil Johan Randen egjorand@online.no |
| Vågå skytebane/ Vågå jeger- og fiskeforening | v/Bjørn Andre Lusæter ba_lusaeter@hotmail.no |
| Vågå skytebane/Vågå skyttarlag | v/Ole Magnar Øvsteng vaga@skyttarlag.no |

Grunneigarar og heimelshavarar:

| | |
|------------------------|---------------------------------------|
| Finn Gjesling Sandbo | Steindalsvegen 123, 2680 VÅGÅ |
| Berit Anette Gutubø | Ottadalsvegen 2811, 2680 VÅGÅ |
| Trond Gutubø | Ottadalsvegen 2811, Sjørem, 2680 VÅGÅ |
| Liv Hanslien | Nedre Nordheradsvegen 255, 2680 VÅGÅ |
| Roy Karstein Myrum | Rustvegen 1243, 2680 VÅGÅ |
| Øystein Olav Myrum | Rustvegen 1249, 2680 VÅGÅ |
| Tor Myrum | Rustvegen 1247, 2680 VÅGÅ |
| Svein Erik Lillebråten | Finndokkvegen 5A, 2680 VÅGÅ |
| Gerd Marie Randen | Øyomsvegen 156, 2680 VÅGÅ |
| Gunnar Haugen | Ottadalsvegen 2423, 2680 VÅGÅ |
| Ole Tronn Andersen | Steindalsvegen 73, 2680 VÅGÅ |
| Tore Myrum | Kvalvikveien 161, 6522 FREI |
| Karin Myrum Sørsdal | Maridalsvegen 345A, 0881 OSLO |
| Målfrid Seim | Underlandsveien 51, 1389 HEGGEDAL |
| Jens Roar Randen | Øyomsvegen 154, 2680 VÅGÅ |
| Lena Steinsgard | Øyomsvegen 154, 2680 VÅGÅ |
| Kim Stian Skredemellem | Ottadalsvegen 2505, 2680 VÅGÅ |